



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Prop. 7 L

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i kringkastingsloven og medieeierskapsloven

Innhald

1	Innleiing, samandrag, bakgrunn og høyring	5	4	Sjølvstende for Medietilsynet og etablering av klagenemnd – vurdert etter ulike sakstypar	12
1.1	Innleiing og samandrag	5	4.1	Høve til instruksjon og omgjeri- ng, og pålegg om å ta saker opp til behandling	17
1.2	Bakgrunn	6	4.2	Klageorgan.....	18
1.3	Høyringa	6	4.3	Oppsummering av departementet sitt forslag.....	18
2	Medietilsynet i dag	7	5	Økonomiske og administrative konsekvensar	19
2.1	Generelt om Medietilsynet.....	7	6	Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget	19
2.2	Medietilsynet sine oppgåver etter kringkastingsregelverket.....	7			
2.3	Sjølvstende for tilsynsorgan.....	7			
2.4	Internasjonale forpliktingar	9			
2.5	Tilsynsmyndigheiter i enkelte andre land	10			
3	Sjølvstende for Medietilsynet og etablering av ei klagenemnd- ordning på kringkastingsfeltet .	10		Forslag til lov om endringar i kringkastingsloven og medieeierskaps- loven	21
3.1	Høyringsnotatet	10			
3.2	Høyringsfråsegner	11			
3.3	Departementet sitt prinsipielle utgangspunkt for vurdering av om Medietilsynet bør få ei meir uavhengig stilling.....	11			



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Prop. 7 L

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i kringkastingsloven og medieeierskapsloven

*Tilråding frå Kulturdepartementet av 22. oktober 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing, samandrag, bakgrunn og høyring

1.1 Innleiing og samandrag

Kulturdepartementet legg med dette fram ein lovproposisjon med framlegg om å lovfeste ei meir uavhengig rolle for Medietilsynet på kringkastingsfeltet. Departementet foreslår vidare at klagar på Medietilsynets vedtak heimla i lov 12. april 1992 nr. 127 om kringkasting (kringkastingsloven) skal bli behandla av ei klagenemnd. Forslaget inneheld òg enkelte endringar i lov 13. juni 1997 om eierskap i medier (medieeierskapsloven). Bakgrunnen for framlegget går fram nedanfor.

I høyringa av forslaga, sjå nedanfor, la departementet til grunn at kringkastingsfeltet sin karakter tilseier at Medietilsynet bør bli gitt ei uavhengig rolle. Dei aller fleste av instansane som uttalte seg om høyringsnotatet var positive til å gi Medietilsynet ei meir uavhengig stilling og at ei klagenemnd skulle behandle klagesaker.

Fleire av sakstypene Medietilsynet behandlar inneber grensedragningar mot prinsippet om redaksjonell fridom. Prinsipielle grunnar kan derfor tale for at det organet som fører tilsyn med kringkastarane bør sikrast sjølvstende frå politiske myndigheiter, særleg på bakgrunn av media si rolle i samband med kritikk av, og kontroll med offentleg maktutøving. Vidare inneber Kulturde-

partementet si rolle som eigar av NRK at departementet ikkje bør behandle klagesaker som gjeld NRK.

Departementet sitt forslag inneber at tilsynet i nærmare fastsette sakstypar ikkje skal kunne instruerast om avgjerda i enkeltsaker, og at klagebehandling skal skje i ei uavhengig klagenemnd. Forslaget omfattar ikkje tilsyn med vilkåra i konsesjonar for riksdekkjande kringkasting. Vidare skal departementet ikkje ha omgjeringrett. Departementet ser likevel behov for ein sikkerheitsventil for å ta i vare omsynet til demokratisk kontroll i prinsipielle og viktige saker. Departementet foreslår derfor at Kongen i statsråd kan omgjere Medietilsynet eller klagenemnda sine vedtak i saker som har prinsipiell eller stor samfunnsmessig interesse. Høvet til omgjering vil gjelde uavhengig av om partane i saka har klaga over Medietilsynet si avgjerd. Vidare vil dette høvet til omgjering innebere at Kongen i statsråd kan gripe inn og omgjere eit vedtak, sjølv om klagebehandlinga ikkje er avslutta.

Forslaget omhandlar ikkje departementet sitt høve til å gi generelle instruksar.

Departementet foreslår at klagenemnda for vedtak etter medieeierskapsloven også skal behandle klagar på enkeltvedtak heimla i kringkastingsloven. Det blir foreslått samtidig å endre namnet på klagenemnda i medieeierskapsloven § 8, og å fjerne lovfestinga av tal på medlemmer i nemnda.

1.2 Bakgrunn

Medietilsynet er organisatorisk underlagt Kulturdepartementet, og dei fleste av tilsynet sine oppgaver blir utførte etter delegasjon frå departementet. Det alminnelege systemet i forvaltningsretten regulerer forholdet mellom tilsynet og departementet. I St.meld. nr. 30 (2006–2007) *Kringkasting i en digital fremtid* (kringkastingsmeldingen), drøfta departementet om Medietilsynet bør få større sjølvstende på kringkastingsfeltet. Departementet fann at tungtvegande omsyn taler for at tilsynet bør få ei meir uavhengig rolle, og at ei klagenemnd bør behandle klagesaker. Samtidig er det også sterke grunnar som tilseier at mogleghetene for politisk styring ikkje må bli avskorne på generelt grunnlag. Departementet konkluderte med at det ville fremje ein lovproposisjon om Medietilsynet si rolle, med drøfting av desse spørsmåla:

- i kva for sakstypar Medietilsynet eventuelt bør få sjølvstende frå departementet
- om departementet sin omgjerings- og instruksjonsrett eventuelt skal bli avskoren heilt eller berre delvis
- kva for organ som bør vere klageinstans

Familie- og kulturkomitéen i Stortinget sa seg samd i at det er grunnlag for ein gjennomgang av Medietilsynet si formelle stilling, jf. Innst. S. nr. 24 (2007–2008).

1.3 Høyringa

Departementet sendte 14. mars 2008 på høyring eit forslag om at Medietilsynet skal få auka sjølvstende på kringkastingsfeltet gjennom enkelte endringar i lov 12. april 1992 nr. 127 om kringkasting (kringkastingsloven). Høyringsnotatet blei sendt til instansane nedanfor, i tillegg til at det blei gjort tilgjengeleg på departementet sine nettsider:

Departementa

Barneombodet
Datatilsynet
Forbrukarombodet
Konkurransetilsynet
Medietilsynet
Norsk filminstitutt
Post- og teletilsynet
Sametinget

Abelia
Annonsørforeningen – ANFO

A-pressen ASA
Bredbåndssalliansen AS
Canal Digital AS
Edda Media
Elektronikkbransjen
Familie & Medier
Forbrukerrådet
Get
GRAMO
Høgskulen i Volda
IKT-Norge
Institutt for informasjons- og medievitenskap
Institutt for journalistikk
Institutt for medier og kommunikasjon
Kanal24 Norge AS
Kreativt Forum
Kringkastingsringen
Mediebedriftenes Landsforening
Modern Times Group AB
Norges markedsføringsforbund
Norges televisjon AS
Norkring AS
Norsk Aller AS
Norsk Journalistlag
Norsk Kabel-TV forbund
Norsk Lokalradioforbund
Norsk Medieforskerlag
Norsk Presseforbund
Norsk Redaktørforening
Norske Boligbyggelags Landsforbund
Norske film- og TV-produsenters forening
NORWACO
NRK AS
P4 Radio Hele Norge
Radio 2 Digital AS
RiksTV
SBS Radio Norge AS
Schibsted ASA
Senter for medieøkonomi, BI
Stiftelsen Frikanalen
Telenor Broadcast AS
TONO
TV 2 AS
TVNorge AS
Viasat AS

Høyringsfristen blei sett til 16. juni 2008. Blant dei instansane som gav fråsegner var det 18 som kommenterte forslaget om sjølvstende for Medietilsynet og etablering av ei klagenemnd. Det store fleirtalet av instansane støtta forslaget. Merknadene frå høyringsinstansane vil bli gjennomgått i samband med dei enkelte forslaga nedanfor.

Høyringsnotatet av 14. mars 2008 inneheldt også enkelte andre forslag til endringar i kring-

kastingsloven. Dette omfatta bl.a. forslag til heimel for ei førehandsgodkjenningssordning for NRK sine nye medietenester og at NRK ikkje lenger skal ha høve til å ha reklame på sine tekst-tv-sider. Desse forslaga blei følgde opp i Ot.prp. nr. 81 (2008–2009), jf. Innst. O. nr. 77 (2008–2009).

Ved same høve blei også to forslag i høyringsnotatet om forholdet mellom Medietilsynet og departementet gjennomførte. Dette gjaldt forslag om at departementet sin instruksjonsrett i forhold til Medietilsynet sitt arbeid med allmennkringkastingsrapportar skulle bli avskoren, jf. kringkastingsloven § 2-13. I tillegg blei det lovfesta at Medietilsynet heller ikkje kan instruerast ved utarbeidinga av si rådgivande fråsegn om førehandsgodkjenning av NRK sine nye medietenester, jf. kringkastingsloven § 6-1a.

2 Medietilsynet i dag

2.1 Generelt om Medietilsynet

Medietilsynet er eit forvaltningsorgan som behandlar saker etter kringkastingsloven, film- og videogramlova og medieieierskapsloven. Dessutan har tilsynet oppgåver bl.a. knytte til fordeling av pressestøtte. Ein stor del av Medietilsynet sine oppgåver er også knytte til lovarbeid og utgreiingsarbeid på heile mediefeltet på oppdrag frå Kulturdepartementet.

I saker etter kringkastingsregelverket har departementet styringsrett over tilsynet i tråd med det alminnelege systemet i forvaltningsretten. Departementet har instruksjonsmyndighet over tilsynet, er klageinstans for tilsynet sine vedtak og kan omgjere vedtaka. Den same alminnelege, hierarkiske modellen gjeld for fordeling av pressestøtta. Systemet er annleis etter medieieierskapsloven og til dels for lov av 15. mai 1987 nr. 21 om film og videogram (film- og videogramlova). Etter medieieierskapsloven blir klagar behandla av ei eiga klagenemnd. Loven fastslår at verken tilsynet eller klagenemnda kan instruerast, og omgjeringssretten er også avskoren jf. §§ 6 og 8. Etter film- og videogramlova er departementet ikkje klageinstans i saker som gjeld førehandskontroll av film. Her blir klagar behandla av ei særskild klagenemnd. Loven avskjer ikkje departementet si instruksjons- og omgjeringssmyndighet. I praksis har likevel dette høvet ikkje blitt brukt.

2.2 Medietilsynet sine oppgåver etter kringkastingsregelverket

Det går fram av kringkastingsloven § 2-1 fjerde ledd at Medietilsynet er forvaltningsorgan for kringkasting og lokalkringkasting, og at departementet fastset nærmare reglar om Medietilsynet sine oppgåver. Departementet har delegert ulike oppgåver på kringkastingsfeltet til tilsynet.

Medietilsynet sine kjerneoppgåver på kringkastingsområdet består i hovudsak av det som naturleg kan karakteriserast som rein tilsynsverksemd, som går ut på kontroll og handheving av regelverket. Det går fram av kringkastingsforskriften § 1-8 at Medietilsynet, med nokre nærmare presiserte unntak, fører tilsyn med at bestemmingar i kringkastingsloven og kringkastingsforskriften og bestemmingar gitt i medhald av desse blir overhaldne. I tillegg har Medietilsynet oppgåver knytte til konsesjonsbehandling, tilsyn med konsesjonsvilkår mv. Nedanfor er dei viktigaste saksfelte lista opp:

- reglar om reklame og sponing
- vern av mindreårige sjåarar
- vidaresending i kringkastingsnett (kabel) – medrekna formidlingsplikt og abonnentval
- registrering av kringkastarar
- europeisk programmateriale i fjernsyn/uavhengige produsentar
- formelle krav til kringkastingsverksemd
- konsesjon til riksdekkjande kringkasting (digital kringkasting)
- konsesjon til lokalkringkasting (analog og digital kringkasting)
- konsesjon for oppretting og drift av trådlause, bakkebaserte sendaranlegg for kringkasting eller vidaresending av kringkasting
- tilsyn med konsesjonsvilkår (både riksdekkjande og lokale konsesjonar)
- konsesjonsoverdraging for lokalkringkasting
- sendetidsfordeling for lokalradiokonsesjonærar
- tilsyn med allmennkringkastingsforpliktingar
- rådgivande fråsegner til departementet om førehandsgodkjenning av nye medietenester i NRK sitt allmennkringkastingsoppdrag

2.3 Sjølvstende for tilsynsorgan

Hovudprinsippet i forvaltningsretten er at eit overordna organ kan instruere eit underordna organ. Instruksjonsretten omfattar for det første generell instruksjon, for eksempel om lovtolking og saksbehandling, og for det andre individuell instruksjon om korleis ei bestemt sak skal avgjerast. I tillegg utøver eit overordna forvaltningsorgan kon-

troll med underordna organ si verksemd ved at det overordna organet er klageinstans for klagar over det underordna organet sine vedtak. Det overordna organet har også høve til å omgjere det underordna organet sine vedtak av eige tiltak.

I dei seinare åra har det vore ei utvikling i retning av auka sjølvstende for mange statlege tilsyn. Ein viktig del av bakgrunnen for dette kan ein finne i dei synspunkta som kom fram i St.meld. nr. 17 (2002–2003) om statlege tilsyn, og i den stortingsbehandlinga som følgde av meldinga, jf. Innst. S. nr. 222 (2002–2003). Familie- kultur- og administrasjonskomiteen uttalte bl.a. dette ved behandlinga av stortingsmeldinga:

«[...] det er viktig både å avklare og tydeliggjøre rollen for hvert enkelt tilsyn, på samme måte å definere tydelige formål og bidra til økt faglig selvstendighet i forhold til departementene. Det siste må ikke minst avveies mot behovet for å sikre en politisk demokratisk styring med de samfunnsmessige prioriteringene.»

(Innst. S. nr. 222 (2002–2003), side 26)

Vidare blei det uttalt om vurderinga av i kva for tilfelle statlege tilsyn bør bli gitt sjølvstende frå departementet:

«[...] det er viktig at så vel de politiske organer som tilsynsorganene i størst mulig grad er i stand til å skille mellom faglige vurderinger på den ene side, og vurderinger som krever politisk skjønnsutøvelse på den annen, og at tilsynsvirksomheten organiseres slik at den fremmer en hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom faglig tilsyn og politisk styring.»

(Innst. S. nr. 222 (2002–2003), side 28)

Hovudsynspunktet er altså at auka sjølvstende for statlege tilsyn bør vurderast for oppgåver av fagleg art. Slike oppgåver vil særleg omfatte tilsynsoppgåver i snever forstand, det vil seie å føre kontroll med at tilsynsobjekta si åtferd er i samsvar med gjeldande reglar. Denne typen tilsynsoppgåver dreier seg i stor grad om å fatte avgjerder i enkeltsaker. Omsynet til å sikre eit føreseieleg og transparent system, og å hindre at det blir stilt spørsmål om enkeltavgjerder er politisk motiverte, kan tilseie at tilsynsmyndigheita bør ha sjølvstende i slike oppgåver. Dette er lagt til grunn som eit grunnprinsipp i St.meld. nr. 17 (2002–2003) og Innst. S. nr. 222 (2002–2003).

Samtidig understreka Stortinget i Innst. S. nr. 222 (2002–2003) at det er viktig at auka sjølvstende ikkje går ut over moglegheita for demokra-

tisk kontroll med verksemda til tilsyna. Dette omsynet kan ein ta i vare gjennom at sjølvstendet ikkje blir gjort absolutt, slik at det på visse vilkår er høve for departementet eller Kongen til å gripe inn i verksemda til tilsynsorganet. Omsynet til demokratisk kontroll tilseier, etter departementet si oppfatning, også at det skal meir til for at det blir aktuelt med sjølvstende ved utforminga av generelle reglar som for eksempel forskrifter.

Aktuelle verkemiddel for å sikre sjølvstende for statlege tilsyn som er nemnde i St.meld. nr. 17 (2002–2003) og Innst. S. nr. 222 (2002–2003), er avgrensingar i departementet si instruksjons- og omgjeringensmyndigheit, og å leggje klagebehandlinga til ei uavhengig nemnd. Desse verkemidla er brukte i forskjellig grad og i ulike samansetjingar på ulike saksområde.

Medieieierskapsloven er eit eksempel på ein rein sjølvstendemodell, der alle styringsmoglegheiter – med unntak for lovendring – er avskorne. Lov 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) byggjer på ein modell der Samferdsledepartementet ikkje kan instruere Post- og teletilsynet, verken generelt eller i enkeltsaker, på nærmare fastsette område, jf. § 10-2. Departementet er likevel klageinstans over tilsynet sine vedtak, jf. § 11-6, og Kongen kan omgjere tilsynet sine vedtak i saker etter § 10-2 når dei er av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning. Også lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssamanslutningar (konkurranseloven) baserer seg på at departementet er klageinstans for tilsynsorganet (Konkurransetilsynet) sine vedtak. Loven inneheld vidare bestemmingar som opnar for at Kongen, i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning, kan tillate handlingar som i utgangspunktet blir ramma av bestemmingar om forbod i loven, eller som Konkurransetilsynet har gripe inn mot.

Det kan også tenkjast varierende grader av avgrensingar i instruksjonsmyndigheita. Ved vurderinga av sjølvstende for tilsynsorgan må ein derfor ta stilling til om departementet sin instruksjonsrett berre skal avskjerast i enkeltsaker, både med omsyn til resultatet av tilsynet si saksbehandling og med omsyn til kva for saker som skal takast opp til behandling, eller om generell instruksjon også skal vere avskoren.

Også på dette punktet finst eksempel på ulike løysingar i lovgivinga. I medieieierskapsloven § 6 er det fastsett at Kongen ikkje kan gi Medietilsynet generelle instruksar om handhevinga av loven, og heller ikkje pålegg om myndigheitsutøvinga i enkelttilfelle. Etter lov 14. april 2000 nr. 31

om behandling av personopplysningar (personopplysningsloven) § 42 kan verken Kongen eller departementet gi instruks eller omgjere Datatilsynet si utøving av myndigheit i enkelttilfelle. Etter konkurranseloven § 8 kan ikkje Konkurransetilsynet instruerast om avgjerda i enkeltsaker, men departementet kan instruere tilsynet om å ta opp ei sak til behandling.

Hovudargumentet mot auka sjølvstende for tilsynsorgan, som blei brukt ved behandlinga av St.meld. nr. 17 (2002–2003) var, som nemnt over, at ei avskjering av departementet sine moglegheiter for styring overfor tilsynsorganet reduserer moglegheita for politisk kontroll med tilsynsorganet si verksemd. På bakgrunn av dette gjekk Stortinget inn for at ein normalt burde behalde eit høve for Kongen i statsråd til å omgjere tilsynsorganet eller klageinstansen sine vedtak i enkelte saker:

«Flertallet legger vidare til grunn at der lovmessig avskjæring av statsrådenes instruksjonsmyndighet innføres, skal det i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning være hjemmel for at Kongen i statsråd kan omgjøre tilsynets og klageinstansens vedtak.»

(Innst. S. nr. 222 (2002–2003), side 29)

Ved å behalde eit slikt unntaksvist høve til å omgjere tilsynsorganet sine vedtak blir det sikra at det politiske organet beheld moglegheita til å ha innverknad på utfallet av viktige saker utan å gå vegen om endringar i dei generelle reglane. Samtidig tydeleggjer det å leggje avgjerslemyndigheita til Kongen i statsråd at terskelen for inngrep av denne typen skal vere relativt høg.

2.4 Internasjonale forplikningar

Ved vurderinga av auka sjølvstende for Medietilsynet må det takast omsyn til krav som følgjer av internasjonale reglar som Noreg har forplikta seg til å følgje. Både EØS-regelverket og dokument frå Europarådet legg visse føringar for dei løysingane Noreg kan velje.

Direktiv om audiovisuelle medietjenester (tidlegare TV-direktivet)

TV-direktivet (89/552/EF) rettar seg direkte mot kringkastingssektoren og er derfor av særleg interesse. Eit revidert direktiv, som er utvida til å gjelde audiovisuelle medietjenester, blei vedteke 11. desember 2007 (direktiv 2007/65/EF). Direktivet er førebels ikkje innlemma i EØS-avtalen.

I EU-kommisjonen sitt opphavlege forslag til nytt direktiv frå 2005 var det teke inn eit krav til nasjonale myndigheiter om å opprette tilsynsorgan som var uavhengige av regjeringa. I den endelege direktivteksten er dette kravet fjerna, men det er samtidig teke inn enkelte referansar til oppgåver som skal takast i vare av «uavhengige reguleringsmyndigheiter i medlemslanda». Det er i det nye direktivet ikkje presisert kva som ligg i omgrepet «uavhengig», medrekna i kva for relasjon tilsynet skal vere uavhengig. Direktivteksten er derfor noko vag og må i utgangspunktet reknast å gi betydeleg spelerom til medlemsstatane m.o.t. korleis ein vil organisere tilsynssystemet.

Ekomregelverket

Ekomloven tek sikte på å gjennomføre EU-direktiv på området. Det går fram av eit av desse direktiva (rammedirektivet 2002/21/EC art. 3) at reguleringsmyndigheiter på ekomområdet skal vere uavhengige av verksemdene dei regulerer. Regelverket om elektronisk kommunikasjon (ekom) kan få betydning for visse avgjerder etter kringkastingsregelverket. Dette har samanheng med at Kulturdepartementet står som eigar av NRK. Sidan NRK er medeigar i Norges Televisjon AS, som har konsesjon for bygging og drift av det digitale bakkenettet for fjernsyn, kan ekomregelverket sitt sjølvstendekrav ha konsekvensar for vedtak etter kringkastingsregelverket som direkte eller indirekte kan relaterast til ekomregelverket.

Statsstøtteregelverket

Statsstøttereglane til EU legg føringar for korleis det enkelte landet bør organisere tilsynet med korleis allmennkringkastarane oppfyller sine programforplikningar. I kringkastingsmeldinga blei det varsla at det vil bli fremja forslag om at departementet si instruksjonsmyndigheit i samband med Medietilsynet si utarbeiding av allmennkringkastingsrapporten blir avskore. Som nemnt innleiingsvis er dette forslaget gjennomført, jf. kringkastingsloven § 2-13.

Rekommandasjon frå Europarådet

Europarådet sin Ministerkomité tilrår i ein rekommandasjon at medlemsstatane etablerer uavhengige reguleringsmyndigheiter på kringkastingssektoren. Rekommandasjonen er ikkje rettsleg bindande for Noreg (Recommendation R(2000)23 of the Committee of Ministers to member states

on the independence and functioning of regulatory authorities for the broadcasting sector).

Konklusjon

Samla sett inneber internasjonale reglar ein viss tendens i retning av auka sjølvstende for tilsynsorganane på feltet, men det er relativt få konkrete forpliktingar. Reglane er rett nok i stadig utvikling gjennom praksis frå internasjonale organ, men departementet går ut frå at dagens reglar inneber at Noreg har eit relativt stort handlingsrom i organiseringa av tilsynsarbeidet.

2.5 Tilsynsmyndigheiter i enkelte andre land

I dei aller fleste land har tilsynsorganane ei uavhengig stilling i forhold til departement/regjering når det gjeld organet sine funksjonar og arbeidsoppgåver. Dette gjeld tilsynsorganane i Sverige, Danmark, Finland og Storbritannia. Det ansvarlege departementet på området kan vanlegvis derfor ikkje gi generelle instruksar om tolkinga av regelverket eller gi pålegg om utøvinga av myndigheita i enkeltsaker.

I desse landa har ingen av tilsynsorganane overordna departement som klageinstans. Alle myndigheitene har ein uavhengig klageinstans.

Den danske og britiske myndigheita har styre/råd som øvste leiar.

Granskningsnämnden, Radio- og TV-verket och Presstödsnämnden er frå 1. august 2010 slått saman i ei ny, samla myndigheit - *Myndigheten för radio och tv. Myndigheten* blir leia av ein generaldirektør som blir utpeikt av regjeringa. *Granskningsnämnden* blir ført vidare som eit organ med særskilt avgjerdsrett i den nye myndigheita. Medlemmene i *nämnden* blir utpeikte av regjeringa for ein periode på tre år. Leiaren og nestleiarer er juristar med erfaring som dommarar.

Avgjerder frå den svenske mediemyndigheita kan klagast over til ein uavhengig forvaltningsdomstol. Loven fastset kva avgjerder som kan klagast over. Dersom nemnda meiner at kringkastaren skal påleggjast gebyr for brot på føresegnene om reklame, sponing mv., må dette spørsmålet behandlast av Länsrätten i Stockholm.

Den danske *Styrelsen for bibliotek og medier*, som blei oppretta 1. februar 2008 ved ei samanslåing av *Mediesekretariatet* og *Biblioteksstyrelsen*, blir leia av ein direktør og fungerer på området for tilsyn med kringkastingsreglane som eit fagleg og profesjonelt sekretariat for *Radio- og tv-nævnet*. *Nævnet* blir nedsett for fire år av gongen og består

av åtte medlemmer. Sju medlemmer, medrekna formannen og nestformannen, blir utpeikte av kulturministeren. Eitt medlem blir utpeikt av ein interesseorganisasjon.

Avgjerdene til *nævnet* kan ikkje klagast over til anna forvaltningsorgan. Overprøving av tilsynsorganet sine vedtak skjer i stor grad av dei ordinære domstolane.

Kommunikasjonsverket i Finland er inndelt i åtte område og blir leia av ein generaldirektør utpeikt av regjeringa. Det er oppretta eit uavhengig klageorgan for avgjerdene til myndigheita.

Den britiske uavhengige tilsynsmyndigheita *Ofcom* er oppretta ved lov, og rapporterer til Parlamentet. Tilsynet er organisert etter mønster frå eit privat føretak og blir leia av eit råd/styre. Myndigheita til å ta avgjerder på vegner av *Ofcom* ligg i utgangspunktet hos styret. Seks av medlemmene blir utpeikte av Handels- og industridepartementet og av Departementet for kultur, medium og idrett. Desse medlemmene peiker deretter ut tre medlemmer blant *Ofcom* sine tilsette. Styret har i tillegg ein formann. Tilsynet har ei rekkje ekspertkomitear og rådgivande organ, og enkelte av desse har fått delegert fullmakt frå styret til å fatte avgjerder innanfor eit saksfelt. Styret fører tilsyn med at *Ofcom* utfører lovpålagde arbeidsoppgåver.

3 Sjølvstende for Medietilsynet og etablering av ei klagenemndordning på kringkastingsfeltet

3.1 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet av 14. mars 2008 la departementet til grunn at kringkastingsfeltet sin karakter tilseier at Medietilsynet bør bli gitt ei uavhengig rolle, dersom ikkje konkrete forhold knytte til det enkelte saksfeltet tilseier noko anna.

Med dette utgangspunktet gjekk departementet gjennom alle sakstypar Medietilsynet behandlar på kringkastingsfeltet. Det blei konkludert med at for dei fleste sakstypane burde ansvaret for behandling av klagesaker bli overført til ei uavhengig klagenemnd. Departementet skulle berre vere klageinstans for vedtak som gjeld tilsyn med konsesjonar for riksdekkjande kringkasting (kringkastingsloven § 2-1) og tilsyn med konsesjonar for anlegg for riksdekkjande kringkasting eller vidaresending av kringkasting (kringkastingsloven § 2-2).

Departementet sitt høve til å gi generelle instruksar blei foreslått oppretthalden uavkorta.

Det blei likevel foreslått at departementet sitt høve til å instruere Medietilsynet i enkeltsaker skal avskjerast, med unntak for bestemmingane i kringkastingsloven § 2-1 og § 2-2.

For å ta i vare omsynet til demokratisk kontroll på feltet la departementet opp til at Kongen i statsråd skulle kunne omgjere Medietilsynet og Klagenemnda sine vedtak i saker av prinsipiell og stor samfunnsmessig betydning, og at Kongen sitt høve til omgjering skulle gjelde uavkorta.

3.2 Høyringsfråsegner

Dei aller fleste av instansane som uttalte seg om høyringsnotatet, var positive til å gi Medietilsynet ei meir uavhengig stilling.

Forbrukarombodet uttalte dette:

Da min erfaring med Forbrukerombudet som et frittstående forvaltningsorgan er svært positiv, slutter jeg meg til departementets forslag om at Medietilsynet i større grad bør være et uavhengig tilsynsorgan. I den sammenheng vises det til departementets begrunnelse for forslaget, og i tillegg vil jeg særskilt trekke frem at Forbrukerombudets uavhengige stilling har gjort at jeg i større grad fritt har kunnet ivareta Forbrukerombudets formål – jobbe for en enklere og tryggere forbrukerhverdag – uten føringer fra annet hold.

RiksTV støttar forslaget og tilrår at det blir etablert ei ny klagenemnd:

For så vidt gjelder behandlingen av eventuelle klagar over Medietilsynets vedtak er det imidlertid viktig å sikre at klageorganet besitter nødvendig kringkastingsfaglig erfaring og kompetanse av juridisk og faktisk art. Vi kan ikke se at bruk av eksisterende klagenemnder vil løse dette. For å sikre kompetansebehovet og nemndens saksbehandling mener vi det bør opprettes et eget klageorgan for behandling av sakene etter kringkastingsregelverket.

Familie og Medier er einaste instans som gav uttrykk for ein viss motstand mot forslaget, ved å vise til at alle skjønsmessige avgjerder bør vere forankra i politiske organ.

NRK støttar forslaget om auka sjølvstende, men understrekar samtidig at tilsynet sine oppgåver må avgrensast mot politiske vedtak og avgjerder. *NRK* illustrerer dette ved å vise til Medietilsynet sitt arbeid med dei årlege allmennkringkastingsrapportane. Etter *NRK* sitt syn vil Medietilsynet, i dei vurderingane som blir gjorde av allmennkringkastarane si programverksemd, lett gjere kulturpolitiske vurderingar som går utover det som bør vere den formelle rolla til tilsynet.

Konkurransetilsynet og *Norsk Redaktørforening* er positive til at Medietilsynet får ei meir uav-

hengig stilling, men argumenterer for at dette bør gjennomførast konsekvent, utan dei unntaka departementet nemner i høyringsnotatet.

TV 2, Get, Mediebedriftenes Landsforening, Norsk Journalistlag, Tono, Barneombodet og Norsk kabel-tv-forbund sluttar seg på meir generelt grunnlag til forslaget om at Medietilsynet skal få ei meir uavhengig stilling på kringkastingsfeltet.

3.3 Departementet sitt prinsipielle utgangspunkt for vurdering av om Medietilsynet bør få ei meir uavhengig stilling

På mediefeltet gjer det seg gjeldande særlege omsyn som kan tilseie at det bør vere avstand mellom aktørane og politiske myndigheiter. Ytringsfridommen er verna i Grunnloven § 100 (i tillegg til EMK art. 10). Grunnloven § 100 inneber ikkje berre avgrensingar i staten sin rett til å gjere inngrep i ytringsfridommen, men pålegg dessutan staten ein aktiv plikt til å leggje tilhøva til rette for ein open og opplyst offentleg samtale, jf. det såkalla infrastrukturkravet i bestemminga sitt sjette ledd.

Frie og uavhengige medium er ein føresetnad for ytringsfridommen. Media har sentral betydning for den frie meiningsdanninga som tilretteleggjarar av samfunnsdebatten, og ved å vere aktørar i han. Kringkastingsmediet spelar på denne måten ei viktig demokratisk rolle. Den demokratiske funksjonen til media føreset redaksjonelt sjølvstende. Kjernen i prinsippet om redaksjonelt sjølvstende er at redaktøren treffer avgjerder om mediet sitt innhald, utan innblanding frå eigarar, myndigheiter eller andre. For å styrkje redaktørinstituttet sin formelle basis har Stortinget lovfesta prinsippet om redaksjonell fridom (lov 13. juni 2008 nr. 41 om redaksjonell fridom i media).

Fleire av sakstypene Medietilsynet behandlar, inneber grenseoppgangar mot prinsippet om redaksjonell fridom. Prinsipielle grunnar kan derfor tale for at det organet som fører tilsyn med kringkastarane, bør sikrast sjølvstende frå politiske myndigheiter, særleg på bakgrunn av media si rolle i samband med kritikk av og kontroll med offentleg maktutøving. Auka sjølvstende for Medietilsynet kan avskjere eventuelle mistankar og påstandar om at dei politiske myndigheitene misbrukar kringkastingsregelverket til å påverke media sine redaksjonelle prioriteringar.

Vidare er det knytt visse utfordringar til Kulturdepartementet si rolle som eigar av *NRK*. Departementet har i dag full styringsrett over til-

synsmyndigheita på kringkastingsfeltet samtidig som det eig ein av kringkastarane. Dette kan aktualisere habilitetsspørsmål. Ein del av dei avgjerdene Medietilsynet treffer, har betydning for NRK og selskapet sin konkurransesituasjon. Dersom Medietilsynet blir gitt auka sjølvstende frå departementet, kan dette gi tilsynet sine avgjerder større legitimitet. Auka sjølvstende kan motverke eventuelle spekulasjonar om at avgjerdene blir påverka av kva som tener interessene til NRK, og dermed auke tilliten til at desse blir treffe på eit reint fagleg grunnlag.

I tillegg kan auka sjølvstende fremje ei gagnleg arbeidsdeling mellom departementet og det faglege tilsynet. Ein del av sakene på kringkastingsfeltet er av fagleg og detaljprega karakter og reiser i mindre grad overordna spørsmål. I slike saker vil det anten vere lite rom for skjønn, eller det skjønnet som skal brukast, er av nokså fagteknisk art. Her vil det vere lite behov for politisk styring. Styring vil skje gjennom fastsetjing av reglar og generelle rammer, ikkje gjennom å påverke utfallet av enkeltsaker.

Elles er det grunn til å påpeike at tilsynsorgan i andre land i stor grad er gitt ei uavhengig stilling i forhold til politiske myndigheiter, og at internasjonale reglar inneber ein viss tendens i retning av å etablere uavhengige tilsynsorgan, jf. nedanfor.

Eit forhold som kan tale mot auka sjølvstende, er at somme avgjersler på kringkastingsfeltet vil liggje i eit grenseland mellom politikk og rein rettspraksis. Det kan representere eit prinsipielt problem dersom slike forvaltningsavgjerder ikkje dannar grunnlag for politisk kontroll. Jo meir skjønnsmessige reglane er, desto meir sannsynleg er det at dette vil kunne bli oppfatta som eit problem.

Dei omsyna som er trekte fram over, gir eit utgangspunkt for vurderinga av spørsmålet om auka sjølvstende for Medietilsynet. Kor sterkt dei enkelte omsyna gjer seg gjeldande, vil likevel variere avhengig av kva for oppgåver det er tale om. Departementet meiner derfor at spørsmålet ikkje kan løysast på generelt grunnlag, men at det må gjerast ei konkret vurdering av dei enkelte oppgåvene tilsynet er tillagt etter kringkastingsregelverket. Det er også grunn til å påpeike at sjølvstende alltid vil vere eit gradsspørsmål, slik at det også må vurderast kor vidtgående denne skal vere, bl.a. må ein ta stilling til i kva utstrekning departementet sine styringsmiddel skal avskjerast.

Det prinsipielle utgangspunktet til departementet for heile denne gjennomgangen er at saksfeltet sin karakter tilseier at Medietilsynet bør bli

gitt ei uavhengig rolle, dersom ikkje konkrete forhold klart taler mot dette.

Vi oppfattar også at høyringsinstansane i hovudsak stiller seg bak denne tilnærminga til spørsmålet.

4 Sjølvstende for Medietilsynet og etablering av klagenemnd – vurdert etter ulike sakstypar

Departementet vil nedanfor gjennomgå dei viktigaste saksområda Medietilsynet har ansvaret for på kringkastingsfeltet, og vurdere om det er særlege forhold som tilseier at Medietilsynet ikkje skal ha ei uavhengig stilling.

Reglar om reklame og sponing

Reglar om reklame og sponing er gitt i kringkastingsloven kapittel 3 og forskrift 28. februar 1997 nr. 153 om kringkasting (kringkastingsforskriften) kapittel 3. Desse reglane regulerer bl.a. varighet og innhald av reklameinnslag, plassering av reklameinnslag og innehald forbod mot skjult reklame. I tillegg blir det gitt nærmare reglar om sponing, bl.a. kva for program som kan bli sponsa og om identifikasjon av sponsor.

Det som kan tale for sjølvstende, er for det første at saker av denne typen inneber grenseoppangar mot prinsippet om redaksjonell fridom. For det andre kan avgjerdene ha direkte eller indirekte betydning for NRK sin konkurransesituasjon. Det kan også argumenterast for at det er ei meir føremålstenleg ordning at politisk styring blir teken i vare gjennom utforming av regelverket, ettersom det er dette som definerer dei overordna linjene. For det tredje kan det argumenterast for at regelverket på dette feltet er relativt objektivt, og at det derfor ligg lite «politisk» skjønn i enkeltsakene. Departementet legg til grunn at denne tilsynsoppgåva i hovudsak er knytt til tekniske vurderingar av om regelverket er overhalde. Etter departementet sitt syn bør sjølvstendet i tilsynsfunksjonen på dette feltet derfor kunne styrkjast ved at departementet ikkje lenger skal vere klageinstans for vedtaka til tilsynet.

Mot sjølvstende taler behovet for politisk kontroll. Etter departementet sitt syn vil likevel dette behovet like godt kunne bli teke i vare gjennom utforminga av dei generelle reklame- og sponse-reglane.

Når behandlinga av klagar etter reglane om reklame og sponing etter forslaget skal behandlast av eit uavhengig klageorgan, er det naturleg

at dette organet også blir klageinstans for vedtak knytte til forbodet mot reklame for politiske bodskap og livssyn etter kringkastingsloven § 3-1 tredje ledd. Dette vil erstatte den rolla Marknadsrådet i dag har som klageinstans i slike saker. Omsynet til at saker om politisk reklame ikkje bør behandlast av politiske organ, er etter departementet si oppfatning tilstrekkeleg sikra i den foreslåtte modellen for uavhengig behandling av enkeltsaker etter kringkastingsregelverket. Gjeldande § 2-1 sjettede ledd blir derfor foreslått oppheva.

Vern av mindreårige sjåarar

Det går fram av kringkastingsloven § 2-7 første ledd at Kongen i forskrift gir reglar om forbod mot å sende fjernsynsprogram som i alvorleg grad kan skade den fysiske, psykiske og moralske utviklinga til mindreårige, særleg viss programmet inneheld pornografiske scener eller umotivert vald. Av § 2-7 andre ledd går det fram at Kongen i forskrift gir reglar om at fjernsynsprogram med scener eller innslag som kan vere skadelege for mindreårige si fysiske, psykiske og moralske utvikling, berre skal sendast på visse tidspunkt (vasskiljeregelen), og om tekniske tiltak som hindrar tilgjenge til slike sendingar for mindreårige. Reglar som utfyller kringkastingsloven § 2-7 er gitt i kringkastingsforskriften §§ 2-5 og 2-6.

Spørsmålet om kor dei innhaldsmessige grensene bør gå, vil kunne vere eit tema som vekker politisk debatt. Dette kjem i stor grad an på moralske grunnholdningar og ikkje eine og åleine på juridiske fortolkingar av regelverket. Dette kan, isolert sett, tale for at departementet framleis bør vere klagemyndigheit i slike saker.

Etter ei samla vurdering meiner departementet likevel at det ikkje bør vere klageinstans for tilsynet sine vedtak i slike saker. I denne vurderinga har departementet særleg lagt vekt på at desse sakene inneber ei vurdering av korleis gitte typar innhald påverkar mindreårige. Dette er faglege vurderingar som fortrinnsvis bør utførast av instansar som har spisskompetanse på feltet. For eit departement vil det ikkje vere naturleg å ha slik kompetanse. For denne typen saker kan det vere relevant å samanlikne med filmområdet, der klagebehandlinga skjer i ei uavhengig nemnd. Etter departementet sitt syn taler mykje for å velje ei tilsvarande løysing på kringkastingsområdet. Eit anna argument for ei slik løysing på dette området er at vurderingane som ein må gjere, direkte gjeld det redaksjonelle innhaldet i sendingane. Som omtalt i punkt 2.4 tilseier omsynet til

redaksjonell fridom at tilsyn med redaksjonelt innhald i enkeltsaker skjer uavhengig av politisk innverknad.

Vidaresending i kringkastingsnett (bl.a. formidlingsplikt og abonnentval)

Reglar om vidaresending i kringkastingsnett er gitt i kringkastingsloven kapittel 4. Utfyllande reglar blir gitt av Kongen og går fram av kringkastingsforskriften kapittel 4 om kabelsendingar mv. Medietilsynet fører tilsyn med reglane. Dette er reglar av noko ulik karakter. Vidaresending av lovleg kringkasting kan skje utan konsesjon, jf. § 4-2. Kapitlet inneheld vidare reglar om formidlingsplikt, jf. § 4-3, val av kringkastingssendingar i kabelnett (abbonentval), jf. § 4-4 og forbod mot vidaresending, jf. § 4-5.

Formidlingsplikt: Medietilsynet si fortolking av reglane om formidlingsplikt i dei saker det får til behandling, kan få konsekvensar for fjernsynstilbodet til store delar av befolkninga, og kan derfor ha politisk betydning. Likevel fell tilsyn med formidlingspliktsreglar inn under ekomregelverket. Dette inneber at det blir stilt krav om sjølvstende mellom reguleringsmyndigheita og aktørane. Saker om formidlingsplikt vil kunne gjelde aktørar departementet har ein nær relasjon til, f.eks. gjennom det statlege eigarskapet i NRK. Departementet foreslår, på bakgrunn av dette, at det ikkje bør vere klageinstans for vedtak tilsynet fattar i samsvar med formidlingspliktsreglane.

Abbonentval: Kulturdepartementet har nedsett ei arbeidsgruppe som bl.a. skal gjere ei vurdering av abonnentvalsreglane, inkludert kor føremåls-tenleg det ev. vil vere å påleggje betal-tv-tilbydarar plikt til å tilby fjernsynskanalar enkeltvis. Arbeidsgruppa vil leggje fram sin rapport i løpet av hausten 2010. Dagens abonnentvalsreglar har betydning for det samla tv-tilbodet og har på denne måten ein politisk dimensjon. Departementet legg likevel til grunn at denne betydninga primært er knytt til korleis reglane er utforma. Tilsynsspørsmåla vil i hovudsak vere av meir teknisk karakter. Dette tilseier at det ikkje er påkravd at departementet er klageinstans for tilsynet sine vedtak på dette feltet.

Forbod mot vidaresending: Etter kringkastingsloven § 4-5 kan Medietilsynet i nærmare fastsette tilfelle forby vidaresending av fjernsynskanalar. For eksempel kan ein forby vidaresending av fjernsynskanalar som sender pornografi/vald i strid med norsk lov eller andre program som i alvorleg grad kan skade den fysiske, psykiske og moralske utviklinga til mindreårige. Ein kan også

forby vidareending av fjernsynskanalar som sender innhald som kan vere skadeleg for mindre-årige i strid med vasskiljeregelen, fjernsynskanalar som sender reklame i strid med norsk lov eller fjernsynskanalar som sender program i strid med straffeloven § 135a. I desse sakene må ein, ved vurderinga av innhaldet i fjernsynskanalane, også foreta avvegingar mot yringsfridommen. Departementet foreslår på bakgrunn av dette at det ikkje bør vere klageinstans for slike saker.

Registrering av kringkastarar

Etter kringkastingsloven § 2-1 tredje ledd blir det kravd at kringkasting eller lokalkringkastingsverksemd som ikkje er konsesjonspliktig, er registrert hos offentleg myndigheit. Etter kringkastingsforskriften § 1-3 fører Medietilsynet register over kringkastarar og lokalkringkastarar som er registreringspliktige etter loven.

Denne oppgåva vil neppe generere mange klagesaker. Departementet legg vidare til grunn at den politiske betydninga av området primært er knytt til korleis reglane er utforma. Tilsynsspørsmåla vil i hovudsak vere av meir teknisk karakter. Dette tilseier at det ikkje er påkravd at departementet er klageinstans for tilsynet sine vedtak på dette feltet.

Europeisk programmateriale i fjernsyn/uavhengige produsentar

Det går fram av kringkastingsloven § 2-6 at Kongen gir nærmare reglar om kringkastarane sin bruk av europeisk programmateriale i fjernsyn. Slike reglar er gitt i kringkastingsforskriften kapittel 2.

Desse reglane, og tilsynet med dei, er av teknisk karakter. Ut frå ei overordna målsetjing om å gi Medietilsynet auka sjølvstende, der det ikkje er særlege omsyn som taler mot dette, blir det derfor foreslått at departementet ikkje skal vere klagemyndigheit etter denne bestemminga.

Tilsvarande kan ein gjere gjeldande i forhold til kringkastingsforskriften si bestemming i § 2-2 om at minst 10 % av sendetida skal avsetjast til europeiske verk produserte av uavhengige produsentar.

Formelle krav til kringkastingsverksemd

Dette er ei samlegruppe som omfattar ulike typar saker, der fellestrekket er at dei er av meir formell karakter. Ho omfattar reglar om melding frå statleg myndigheit (kringkastingsloven § 2-4), ulovleg

kringkasting frå skip og fly i internasjonalt område mv. (kringkastingsloven kapittel 9), og legaldefinisjonar og reglar om kringkastingsregelverket sitt verkeområde (jf. kringkastingsloven kapittel 1 og kringkastingsforskriften §§ 1-1 og 1-2).

Det er ikkje eit stort tal tilsynssaker innanfor denne gruppa. Nokre av sakene innanfor gruppa kan ha internasjonale aspekt som taler mot sjølvstende. På den andre sida vil omsynet til eventuelle internasjonale forpliktingar, eller til andre vesentlege samfunnsmessige interesser, kunne bli teke i vare gjennom at Kongen i statsråd blir gitt høve til å omgjere Medietilsynet sine vedtak i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning. Ettersom det er få saker på området, og ein normalt må føresetje at sakene er av teknisk art, meiner departementet at dette høvet til omgjering vil vere tilstrekkeleg for å behalde nødvendig grad av politisk styring med enkeltsaker.

Departementet legg til grunn at den politiske betydninga av dei formelle krava til kringkastingsverksemd generelt sett er knytt til korleis reglane er utforma. Tilsynsspørsmåla vil i hovudsak vere av meir teknisk karakter. Dette tilseier at det ikkje er påkravd at departementet er klageinstans for tilsynet sine vedtak på feltet.

Konsesjon til riksdekkjande fjernsyn og radio (digital kringkasting)

Ved vurderinga av oppgåver knytte til konsesjonstildeling meiner departementet at det bør skiljast mellom opplegget for utlysinga og den konkrete tildelinga av konsesjonane. Når det gjeld det generelle utlysingsopplegget mv., er det viktig at departementet har styringsmoglegheiter. Etter departementet sitt syn er det berre for den konkrete konsesjonstildelinga at det er aktuelt å vurdere sjølvstende.

Tradisjonelt har tildeling av konsesjonar for riksdekkjande radio- eller fjernsynsverksemd vore eit sentralt mediepolitisk verkemiddel. Den grunnleggjande føresetnaden for at det har vore stilt krav om at konsesjonæren tek på seg allmennkringkastarforpliktingar, er at det har vore mangel på tilgjenge til frekvensar. Grunnlaget for dei innhaldsmessige krava i konsesjonane har altså vore at når konsesjonæren blir gitt rett til å disponere ein avgrensa ressurs, må staten ha rett til å krevje ei motyting. Konsesjonane har blitt tildelt gjennom ein såkalla venleikskonkurranse der innhaldet i programplanane til søkjarane har blitt tillagt stor vekt. Den kulturpolitiske betydninga av konsesjonane er også bakgrunnen for at ansvaret for tildeling av riksdekkjande, analoge kringkas-

tingskonsesjonar ikkje er delegert til Medietilsynet.

Overgangen til digitale fjernsynssendingar endrar betydninga av konsesjonsinstituttet. Digitaliseringa inneber ei langt meir effektiv utnytting av frekvensspekteret. Dermed vil det ikkje vere mangel på tilgjenge til frekvensar i like stor grad som tidlegare. Det er i dag mange aktørar som har riksdekkjande distribusjon i det digitale bakkenettet for fjernsyn.

Departementet legg til grunn at aktørane i ein slik situasjon må bli behandla likt, og at det ikkje vil vere høve til å påleggje enkelte aktørar strengare regulering enn andre. På bakgrunn av dette har departementet i vedtak av 4. juni 2007 delegert myndigheita til å gi konsesjonar til riksdekkjande fjernsyn i digitale bakkenett til Medietilsynet. Mediepolitiske omsyn har no langt mindre betydning ved tildelinga. Dette har samanheng med at det er Norges Televisjon som i praksis, med unntak for kanalar som har status som formidlingspliktige, avgjer kva for kanalar som skal distribuerast i nettet. Det blir ikkje stilt noko innhaldskrav, og det er lite bruk av skjønn i samband med tildelinga. Departementet foreslår derfor at det ikkje skal vere klageinstans for vedtak om konsesjon for riksdekkjande digitalt fjernsyn.

Situasjonen er noko annleis for digital radio, bl.a. fordi det ikkje finst noko mellomledd innan radio som fyller same rolle som Norges televisjon gjer for fjernsyn. Departementet legg likevel til grunn at det heller ikkje på radiofeltet gjer seg gjeldande forhold som tilseier at departementet skal vere klageinstans i enkeltsaker. Behovet for politisk kontroll vil vere tilfredsstillande teke i vare ved at departementet fastset eller godkjenner dei generelle rammene for Medietilsynet si utlysing/tildeling av konsesjonar. Departementet foreslår derfor også at det ikkje skal vere klageinstans for vedtak om konsesjon for riksdekkjande digital radio.

Departementet vil, for ordens skyld, nemne at ansvaret for å tildele analoge konsesjonar for riksdekkjande radio- eller fjernsynssendingar ikkje er delegert til Medietilsynet. Dette har samanheng med at slike konsesjonar hittil har spelt ei sentral rolle for mediepolitikken. TV 2 AS sin konsesjon for fjernsyn gikk ut 1. januar 2010. Etableringa av det digitale bakkenettet for fjernsyn inneber at den analoge fjernsynskonsesjonen ikkje vil bli kunngjort på nytt. Konsesjonane for radiodrift som P4 Radio Hele Norge AS og Radio Norge AS disponerer går ut 1. januar 2014. Det er ikkje teke stilling til spørsmålet om desse skal kunngjerast

på nytt, men det er ein realitet at digitaliseringsprosessen for radiomediet går vesentleg seinare enn for fjernsyn. Kulturdepartementet tek sikte på å fremje ei stortingsmelding om digital radio i løpet av 2010 som bl.a. vil drøfte korleis P4 og Radio Norge sine noverande konsesjonar skal handterast etter 2014.

Konsesjon til lokalkringkasting (analog og digital kringkasting)

Tildeling av konsesjon til lokalkringkasting omfattar både lokal-tv og lokalradio. Medietilsynet har nyleg tildelt eit stort tal lokalradiokonsesjonar som gjeld til 2017. Den nye konsesjonsordninga for lokalradio har bl.a. bakgrunn i at tildelinga av konsesjonar og frekvensar skal samordnast. Ekomloven og EØS-rettslege prinsipp stiller krav om at tildelingskriteria skal vere objektive, transparente, ikkje-diskriminerande og rimelege.

Konsesjonstildelinga har til ein viss grad vore basert på eit skjønn, bl.a. ved at lokalt mediemangfald er vektlagt. Det er likevel eit fagleg skjønn som må nyttast innanfor dei rammene som er nemnde ovanfor. Departementet kan ikkje sjå at det ligg føre tungtvegande grunnar som taler mot at tilsynet blir gitt auka sjølvstende ved tildeling av lokalradiokonsesjonar.

Departementet kan heller ikkje sjå at tildeling av konsesjon til lokal fjernsyn reiser overordna spørsmål som taler mot sjølvstende. Digitaliseringa av fjernsynsmediet har medført at konsesjonsordninga for lokal fjernsyn i praksis fungerer som ei registreringsordning.

Departementet foreslår derfor at tilsynet blir gitt auka sjølvstende for tildeling av konsesjon til lokalkringkasting ved at departementet ikkje lenger skal vere klageinstans for slike vedtak.

Tilsyn med konsesjonsvilkår (både riksdekkjande og lokale konsesjonar)

Programvilkåra i kringkastingskonsesjonar for dei riksdekkjande kringkastarane er framleis sentrale mediepolitiske verkemiddel som bl.a. skal sikre eit breitt tilbod for heile befolkninga, medrekna innhald for ulike grupper i samfunnet. Korleis konsesjonsvilkåra blir tolka, kan derfor få samfunnsmessig betydning. Det er departementet som har gitt konsesjonane til riksdekkjande analog kringkasting. Høvet til endring i vilkåra (særleg til ugunst for konsesjonæren) er underlagt klare avgrensingar slik at tolkinga av vilkåra blir desto viktigare. På bakgrunn av dette er det tungtvegande argument mot at tilsynet skal vere uav-

hengig av departementet ved utføringa av denne oppgåva.

Motargumentet er at oppgåva har grenseflater mot prinsippet om media sitt sjølvstende i redaksjonelle spørsmål. Gjennom konsesjonsvilkåra er kringkastarane forplikta til å sende visse typar innhald, men har stor fridom i utforminga av innhaldet. I enkeltsaker kan det likevel oppstå usemje om kor langt prinsippet om redaksjonell fridom går. Ut frå vurderingar av forholdet mellom media og politiske myndigheiter, jf. punkt 2.4, kan det derfor argumenterast for at slike saker bør bli behandla av eit uavhengig tilsyn. Tilsvarande kan departementet si rolle som eigar av NRK også vere eit argument for at saker om tilsyn med konsesjonsvilkåra til andre kringkastarar bør bli behandla av eit uavhengig organ.

Departementet registrerer at bl.a. *Norsk Redaktørforening* ønskjer at Medietilsynet også bør ha ei uavhengig rolle i tilsynet med konsesjonar for riksdekkjande kringkasting. Når ein skal vege omsyna mot kvarandre, må det likevel, etter departementet sitt syn, bli lagt stor vekt på at konsesjonane for riksdekkjande radio framleis er viktige verkemiddel i mediepolitikken. I motsetnad til generelle reglar i forskrift og lov er det i praksis svært avgrensa moglegheiter for å endre konsesjonsvilkår i løpet av konsesjonsperioden. Det er dermed eit klart behov for at den forvaltningsmessige forståinga av vilkåra er forankra i politisk ansvarlege instansar. Dette omsynet veg, etter departementet sitt syn, tyngre enn dei omsyna som taler imot. Departementet går derfor ikkje inn for auka sjølvstende for tilsynet med vilkåra i riksdekkjande konsesjonar.

Departementet har komme til den motsette konklusjonen når det gjeld tilsyn med konsesjonsvilkår i lokalkringkasting. Her dreier det seg om eit forholdsviss stort tal aktørar. Det politiske aspektet ved desse sakene kan seiast primært å liggje i det formelle rammeverket for verksemda (dvs. i utforming av kunngjeringsstekst) meir enn i enkeltkonsesjonane. Departementet kan såleis ikkje sjå sterke argument som taler for at det framleis skal vere klageinstans for dette tilsynsarbeidet.

På lokalkringkastingsfeltet er det også forskriftsfesta enkelte generelle programkrav for høvesvis lokalradio og lokalfjernsyn, jf. §§ 7-6 og 7-7 i forskrift av 28. februar 1998 om kringkasting (kringkastingsforskriften). Departementet legg til grunn at dei generelle programforpliktingane står i same stilling som konsesjonsvilkåra for lokalkringkasting. Såleis bør departementet heller ikkje for slike vedtak vere klageinstans.

Konsesjonsoverdragingar for lokalkringkasting

Konsesjonsoverdragingar skal, etter gjeldande regelverk, godkjennast av Medietilsynet, jf. kringkastingsforskriften § 7-1.

Det har vore ein del klagesaker på avslag på søknader om slike konsesjonsoverdragingar. Sakene kan for så vidt krevje vurderingar knytte til mediemangfald, men det er tale om lokale saker som neppe har noko vidtrekkande mediepolitisk betydning. Ein foreslår derfor sjølvstende for denne sakstypen.

Sendetidsfordeling for lokalradiokonsesjonar

Viss det er fleire lokalradiokonsesjonærar på same sendarnett, og desse ikkje kjem til semje om fordeling av sendetid, kan kvar av partane bringe tvisten inn for Medietilsynet, jf. kringkastingsforskriften § 7-9. Departementet har, i den nemnde høyringa av forslaga om endringar i regelverket for lokalkringkasting, også foreslått omfattande endringar av denne bestemminga, men Medietilsynet skal etter forslaget framleis treffe avgjerd i tvistar om fordeling av sendetid.

Dette er ei oppgåve som ikkje i vesentleg grad reiser overordna spørsmål av politisk art. Samtidig stiller avgjerder om sendetidsfordeling store krav til kjennskap til lokale forhold. Dette er ein type detaljkunnskap som det ikkje vil vere naturleg for eit departement å ha. Vidare inneber saker om fordeling av sendetid at det er myndigheitene som i siste instans fordeler sendetimar på lokalradionetta. Så lenge det er departementet som avgjer slike saker, kan ein ikkje utelukke at enkelte vil kunne mistenkeleggjere grunnlaget for vedtaka. Departementet har derfor komme til at både praktiske og prinsipielle forhold taler for at departementet ikkje er klageinstans for vedtak om sendetidsfordeling.

Tilsyn med konsesjon for oppretting eller drift av anlegg for kringkasting eller vidaresending av kringkasting

Kringkastingsloven § 2-2 stiller krav om konsesjon for oppretting eller drift av anlegg for kringkasting eller vidaresending av kringkasting. Tildeling av konsesjon er delegert til Medietilsynet etter kringkastingsforskriften § 1-5.

Departementet reknar med at dei same omsyna gjer seg gjeldande når det gjeld sjølvstende for Medietilsynet ved tilsyn med konsesjonar for oppretting og drift av sendaranlegg som for konsesjonar for kringkastingsverksemd. På bak-

grunn av dette går departementet inn for auka sjølvstende for Medietilsynet ved tildeling av konsesjonar for sendaranlegg og ved tilsyn med konsesjonsvilkår for sendaranlegg for lokalkringkasting, men ikkje for riksdekkjande kringkasting, eller vidaresending av kringkasting.

Viktige hendingar

Kringkastingsloven § 2-8 fastset at ein kringkastar som har erverva einerett til fjernsynssending av hendingar av vesentleg samfunnsmessig betydning ikkje må utnytte eineretten på ein slik måte at ein stor del av sjåarane blir fråtekne moglegheita til å følgje hendinga på vederlagsfritt fjernsyn. Noreg har ikkje fastsett ei liste over kva for hendingar som dette omfattar. Reglane har per i dag inga praktisk betydning. Departementet varsla likevel i kringkastingsmeldinga at det vil bli vurdert å innføre ei slik liste.

Dersom det blir etablert ei slik liste, vil Medietilsynet blant anna måtte handtere tvistesaker om pris for senderettar. Det vil ikkje vere føremålstenleg at slike tvistesaker blir klaga inn for departementet. Dette har primært samband med at det ikkje kan utelukkast at NRK vil kunne vere den eine parten i slike saker. Habilitetsomsyn taler derfor for at departementet ikkje skal vere klageinstans for enkeltvedtak etter dette regelverket.

Sakskostnader og dokumentinnsyn

Medietilsynet fattar vedtak om sakskostnader etter forvaltningsloven § 36, og tek stilling til krav om dokumentinnsyn etter bestemmingane i forvaltningsloven og offentleglova.

Departementet foreslo i høyringsnotatet at klagenemnda berre skal behandle klagar på enkeltvedtak fatta i samsvar med kringkastingsloven. Etter forslaget vil følgjeleg klagar på vedtak fatta i medhald av andre lovverk framleis følgje forvaltningsloven sitt hovudsystem om at klagar blir behandla av overordna departement. Departementet ser ikkje noko grunnlag for å fråvike forvaltningsloven sitt hovudsystem i forhold til denne typen vedtak.

Departementet ser heller ikkje noko grunnlag for å fråvike forvaltningsloven sitt hovudsystem for dokumentinnsyn og sakskostnader frå Medieklagenemnda i første instans.

4.1 Høve til instruksjon og omgjerung, og pålegg om å ta saker opp til behandling

Grunngivinga for auka sjølvstende for Medietilsynet gjer seg, etter departementet sitt syn, særleg gjeldande ved tilsynet sine avgjerder i enkelt saker, jf. drøftinga over. Departementet foreslår derfor at det i loven blir fastsett at Medietilsynet ikkje kan instruerast om avgjerder i enkeltsaker ved behandling av nærmare spesifiserte sakskategoriar, men at det ikkje blir fastsett nokre avgrensingar i høvet til å gi generelle instruksar. Det blir vidare foreslått, i tråd med Stortinget sine føresetnader i Innst. S. nr. 222 (2002–2003), at departementet beheld retten til å gi Medietilsynet pålegg om å ta ei sak opp til behandling. Dette gjer, etter departementet sitt syn, at det ikkje er nødvendig med bestemmingar om ein rett til å klage over Medietilsynet si manglande behandling av ei sak eller liknande utover forvaltningsloven sine alminnelege reglar.

Når det gjeld spørsmålet om klagebehandling, meiner departementet at ho bør skje i ei uavhengig klagenemnd. Ei ordning der departementet framleis behandlar enkeltsaker ved klagar over vedtak i tilsynet, ville ikkje vere i samsvar med føremålet med å gi tilsynet auka sjølvstende. Departementet meiner også at høvet til å omgjere tilsynet sine vedtak av eige tiltak bør avgrensast. Etter forslaget vil heile omgjeringsretten til departementet etter forvaltningsloven § 35 vere avskoren på dei saksområda der Medietilsynet er gitt auka sjølvstende.

Departementet sitt forslag er altså ein modell som tek utgangspunkt i at tilsynet i nærmare oppgitte sakstypar ikkje kan instruerast om avgjerda i enkeltsaker, at klagebehandling skjer i ei uavhengig klagenemnd, og at det heller ikkje ligg føre omgjeringsrett. Samtidig meiner departementet at det bør vere ein sikkerheitsventil for å ta i vare behovet for politisk styring i prinsipielle og viktige saker. Departementet foreslår derfor at Kongen i statsråd kan omgjere Medietilsynet eller klagenemnda sine vedtak i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning. Høvet til omgjerung vil gjelde uavhengig av om partane i saka har klaga over Medietilsynet si avgjerd. Vidare vil det foreslåtte høvet til omgjerung innebære at Kongen i statsråd kan gripe inn og omgjere eit vedtak sjølv om klagebehandlinga ikkje er avslutta.

Departementet foreslår ikkje eit høve for Kongen i statsråd til å treffe vedtak i Medietilsynet sin stad dersom tilsynet sjølv ikkje har fatta vedtak. Behovet for ein «sikkerheitsventil» blir sett som tilstrekkeleg teke i vare gjennom at departe-

mentet kan påleggje Medietilsynet å ta ei sak til behandling, og at Kongen i statsråd kan omgjere tilsynet sine vedtak i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning.

4.2 Klageorgan

Departementet foreslår, som nemnt, at behandling av klagar over Medietilsynet sine vedtak på område der det blir foreslått auka sjølvstende, skal skje i ei uavhengig klagenemnd. Klagenemnda vil ha same myndigheit som andre klageinstansar, dvs. at nemnda kan prøve både tilsynsorganet si utøving av skjønn og lovbruk. Utover å vere klageinstans står ikkje klagenemnda i noko overordningsforhold til Medietilsynet. Klagenemnda kan altså ikkje gi førehandsinstruksar om Medietilsynet si saksbehandling i enkeltsaker. I tråd med at klagenemnda ikkje skal vere overordna Medietilsynet i alminneleg forvaltningsrettsleg forstand, foreslår departementet i tillegg at klagenemnda ikkje blir gitt høve til å omgjere Medietilsynet sine vedtak etter eige tiltak.

Spørsmålet blir vidare kva for organ som bør vere klageinstans for vedtak i saker der tilsynet skal ha ei uavhengig stilling frå departementet. Omsyna som grunngir sjølvstende tilseier at klagemyndigheita bør liggje utanfor statsforvaltninga. Det sentrale er at klageinstansen har den nødvendige kompetansen for å avgjere klagesakene.

Det eksisterer allereie fleire klagenemnder som behandlar klagar på vedtak i Medietilsynet. Både medieieierskapsloven og film- og videogramlova etablerer eigne klagenemnder. Spørsmålet er om det bør etablerast ei ny klagenemnd for klagar etter kringkastingsregelverket, eller om ei av dei eksisterande klagenemndene kan utvidast til også å behandle desse sakene.

Behandling av klagar i dei aktuelle sakene etter kringkastingsregelverket vil krevje juridisk og kringkastingsfagleg kompetanse. Sjølv om det er grunn til å tru at dei eksisterande nemndene har noko av den kompetansen som trengst, er det eit faktum at ingen av dei eksisterande nemndene er sette saman med tanke på å behandle denne typen saker. Utviding av ei av desse vil krevje endringar. Likevel kan ein rekne med at praktiske omsyn vil tale for integrering med ei av dei nemndene som alt finst. Truleg vil ei slik løysing vere ressursparande i forhold til å operere med tre ulike klagenemnder, noko som kan medføre mykje administrasjon osv. Etter departementet si vurdering vil ei utviding av éi av dei eksisterande nemndene samla sett truleg gi den beste løysinga.

Departementet legg til grunn at oppgåvene til klagenemnda etter medieieierskapsloven saklegg sett ligg nærmast opp til dei sakstypene som vil vere aktuelle på kringkastingsfeltet. Klagenemnda består av tre medlemmer og to varamedlemmer. Medlemmene i nemnda består i dag av to juridiske professorar og éin professor i medievitenskap. Medlemmene er oppnemnde for perioden 1.1.2007 til 31.12.2010. Det vil vere naturleg å vurdere den faglege samansetjinga av nemnda i lys av ev. nye oppgåver når ny klagenemnd skal oppnemnast for perioden 1.1.2011 til 31.12.2014.

Departementet foreslår, på grunnlag av dette, at klagenemnda frå medieieierskapsloven også skal behandle klagar på enkeltvedtak heimla i kringkastingsloven. Det blir foreslått å endre namnet på nemnda til Klagenemnda for mediasaker (Medieklagenemnda). Det er noko usikkert korleis belastninga på nemnda og sekretariatet vil utvikle seg. Det er førebels ikkje aktuelt å utvide talet på medlemmer i nemnda. For å auke fleksibiliteten m.o.t. samansetjinga av nemnda blir det likevel foreslått at medieieierskapsloven blir endra slik at det ikkje lenger er lovfesta at nemnda skal ha tre medlemmer.

4.3 Oppsummering av departementet sitt forslag

Departementet er i dag klageinstans for dei aller fleste sakene på kringkastingsfeltet. På grunnlag av diskusjonen over blir det foreslått at ansvaret for klagesaksbehandling blir overført til ei uavhengig klagenemnd. Dersom forslaget blir gjennomført, vil departementet heretter berre vere klageinstans for vedtak Medietilsynet fattar i medhald av desse bestemmingane i kringkastingsloven:

- § 2-1 (berre vedtak som gjeld tilsyn med konsesjonar for riksdekkjande kringkasting)
- § 2-2 (berre vedtak som gjeld tilsyn med konsesjonar for anlegg for riksdekkjande kringkasting eller vidaresending av kringkasting)

Enkeltvedtak etter desse bestemmingane i kringkastingsforskriften skal framleis kunne bli klaga over til departementet:

- § 1-5 (berre vedtak som gjeld tilsyn med konsesjonar for anlegg for riksdekkjande kringkasting eller vidaresending av kringkasting)

Departementet sitt høve til å instruere Medietilsynet i enkeltsaker blir avskore i forhold til andre bestemmingar i kringkastingsloven enn dei som er nemnde over. Departementet sitt høve til å gi

generelle instruksar blir oppretthalde uavkorta. Vidare skal Kongen i statsråd kunne omgjere vedtak fatta av Medietilsynet og klagenemnda i saker av prinsipiell og stor samfunnsmessig betydning. Kongen sitt høve til omgjering gjeld uavkorta.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om å gi Medietilsynet auka sjølvstende og etablering av ei klagenemnd på kringkastingsområdet ventar ein samla sett ikkje skal medføre auka ressursbruk for det offentlege.

Forslaga inneber overføring av myndigheit frå departementet til det som i dag er nemnda for klager som gjeld medieeigarskap. Denne nemnda har i dag få saker. Departementet legg til grunn at ei samanslåing av klagesaker over vedtak etter kringkastingsloven og medieeierskapsloven vil representere ein meir rasjonell organisering av klagehandsaminga. Den nye klagenemnda tek over arbeidsoppgåver frå departementet. Departementet kjem tilbake med omtale av eventuelle naudsynte omdisponeringar i budsjettssamanheng i samband med at endringane trer i kraft.

6 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

Kringkastingsloven:

Til ny § 2-14

Den nye bestemminga heimlar opprettinga av *Klagenemnda for mediesaker (Medieklagenemnda)*. Klagenemnda vil vere den same som klagenemnda for enkeltvedtak etter medieeierskapsloven. Klagenemnda vil ha same myndigheit som andre klageinstansar, dvs. at nemnda kan prøve både tilsynsorganet si utøving av skjønn og lovbruk.

Første ledd slår fast at klagenemnda skal behandle klagar over Medietilsynets enkeltvedtak etter kringkastingsloven eller regler fastsett i medhald av loven. Etter forslaget vil følgjeleg klagar på vedtak fatta i medhald av andre lovverk framleis følgje forvaltningsloven sitt hovudsystem om at klagar blir behandla av overordna departement. Til dømes skal departementet handsame klagar på vedtak Medietilsynet gjer om dokumentinnsyn etter forvaltningsloven og offentleglova samt sakskostnader etter forvaltningsloven § 36. Det same gjeld vedtak Medieklagenemnda gjer etter andre lovverk i første

instans. Klagenemnda er ikkje gitt kompetanse til å omgjere Medietilsynet sine vedtak av eige tiltak.

Klagenemnda har ei uavhengig rolle i forhold til departementet. Andre ledd slår derfor fast at eventuelle søksmål mot vedtak Medietilsynet eller Medieklagenemnda gjer skal rettast til staten v/ Klagenemnda for mediesaker (Medieklagenemnda).

Tredje ledd slår fast at Kongen kan gi nærmarer reglar om storleiken på klagenemnda, sammansetting og oppgåver i forskrift. Dette kan f.eks. vere krav til fagleg kompetanse for nemnda sine medlemmer, behandlingsreglar osv. Nemnda har såleis berre kompetanse til å handsame saker der det ligg føre ein klage frå tredjepart over eit vedtak frå Medietilsynet etter kringkastingsloven eller reglar med heimel i loven.

I fjerde ledd foreslår departementet at enkeltvedtak Medietilsynet gjer etter kringkastingsloven i saker som gjeld tilsyn med konsesjonsvilkår for riksdekkjande kringkasting eller riksdekkjande anlegg for kringkasting framleis skal bli klaga over til departementet.

Til ny § 2-15

Ny § 2-15 inneheld regler som gjer greie for kva myndigheit departementet har til å gjere om vedtaka til Medietilsynet og instruere tilsynet i ein-skilde saker og på generelt grunnlag. Departementet sitt høve til å gi generelle instruksar blir oppretthalde uavkorta.

Hovudregelen etter § 2-15 første ledd er at departementet ikkje kan instruere Medietilsynet i enkeltsaker, eller gjere om vedtak tilsynet har gjort. Unnateke frå hovudregelen er Medietilsynet sine enkeltvedtak som gjeld tilsyn med konsesjonsvilkår for riksdekkjande kringkasting, jf § 2-1, eller riksdekkjande anlegg for kringkasting eller vidaresending av kringkasting, jf § 2-2. Etter første ledd andre punktum vil departementet vidare ha myndigheit til å påleggje Medietilsynet å ta ei sak opp til behandling.

I andre ledd er det gitt ein sikkerheitsventil for politisk styring i prinsipielle og viktige saker ved at Kongen i statsråd kan omgjere Medietilsynet eller klagenemnda sine vedtak etter kringkastingsloven i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning. Høvet til omgjering vil gjelde uavhengig av om partane i saka har klaga over Medietilsynet si avgjerd. Vidare vil det foreslåtte høvet til omgjering innebære at Kongen i statsråd kan gripe inn og omgjere eit vedtak sjølv om klagebehandlingsprosessen er avslutta.

Medieieierskapsloven:

§ 8. *Klagenemnd* blir endra slik at ho heimlar same klagenemnd som etter kringkastingsloven. Lovfestinga av talet på medlemmer blir foreslått fjerna slik at det vil vere opp til Kongen å fastsetje kor mange medlemmer nemnda bør ha.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i kringkastingsloven og medieieierskapsloven.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i kringkastingsloven og medieieierskapsloven i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i kringkastingsloven og medieeierskapsloven

I

I lov 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting blir det gjort disse endringane:

§ 2-1 sjette ledd blir oppheva

Ny § 2-14 skal lyde:

§ 2-14 Klageinstans

Klager over Medietilsynets enkeltvedtak etter loven, eller regler fastsatt i medhold av loven behandles av Klagenemnda for mediesaker (Medieklagenemnda), med de unntak som følger av fjerde ledd. Klagenemnda kan ikke omgjøre Medietilsynets vedtak etter eget tiltak.

Eventuelle søksmål skal rettes mot staten v/Klagenemnda for mediesaker (Medieklagenemnda).

Kongen fastsetter hvem som skal være klagenemndas leder og nestleder, og kan gi forskrift om nemndas størrelse, sammensetning og oppgaver.

Medietilsynets enkeltvedtak i saker vedrørende tilsyn med konsesjonsvilkår for riksdekkende kringkasting, jf § 2-1, eller riksdekkende anlegg for kringkasting eller videresending av kringkasting, jf § 2-2, påklages til departementet.

Ny § 2-15 skal lyde:

§ 2-15 Begrensninger i omgjørings- og instruksjonsmyndighet

Departementet kan ikke instruere Medietilsynet i enkeltsaker, eller omgjøre tilsynets vedtak i andre saker enn nevnt i § 2-14, fjerde ledd. Departementet kan pålegge Medietilsynet å ta en sak opp til behandling.

I saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning kan Kongen i statsråd omgjøre Medietilsynets eller klagenemndas vedtak etter reglene i forvaltningsloven § 35 annet, tredje og femte ledd.

II

I lov 13. juni 1997 nr. 53 om eierskap i medier blir det gjort disse endringane:

§ 8 første ledd skal lyde:

Kongen oppnevner en klagenemnd for enkeltvedtak etter denne lov og fastsetter hvem som skal være nemndas leder og nestleder.

§ 8 fjerde ledd skal lyde:

Eventuelle søksmål skal rettes mot staten v/Klagenemnda for mediesaker (Medieklagenemnda).

III

Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer.
